

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2018

Program Varhaug- marken

Side 18

Rennebilløp

Side 19

Ryddedag i kommunen

Side 22-23

17. mai

Side 28-29

Norsk Folkehjelp

Side 36-37



4H Karneval

Side 30-31





Vil du vera med og forma Varhaug sentrum?

Hå kommune har starta arbeidet med kommunedelplan for Varhaug sentrum. Me vil gjerne ha deg med på laget.

Av: Ole Von Erpecom Vikse

Korleis skal sentrum sjå ut i framtida? Nå har du sjansen til å vera med og seia meininga di. Bli med i eit gjestebod og gi innspel om nærmiljøet ditt.

Kommunedelplan for Varhaug sentrum skal fastleggja dei overordna måla og rammene for utviklinga av Varhaug sentrum i åra framover. Planprogrammet legg grunnlaget for kva og korleis me i kommunen skal utarbeida planen, og korleis de som innbyggjarar kan medverke.

Kva er nytt?

Før planprogrammet vart fastsett av kommunestyret, var det lagt ut på offentleg høyring. På bakgrunn av innspel frå høyringa, og nye vurderingar,

foreslo Rådmannen nokre mindre endringar i planprogram og ei utviding av planområdet aust for jernbanelinja, som deretter blei vedteke av kommunestyret. Utvidinga av planområdet sikrar handlingsrom på austsida av jernbanelinja i høve til kryssing av jernbanen for gåande og syklande, kommunale tenester og utvikling av sentrumsnært transformasjonsområde.

Kva skjer vidare?

Det er eit mål at planarbeidet skal vere ope og tilgjengeleg med brei medverknad frå innbyggjarane. I desse dagar blir barn i barnehagar og skular utfordra til å gje innspel til korleis de ynskjer at sentrum skal vera i framtida. Innspela skal stillast ut på Varhaugmarken.

Hå kommune vil vera tilstades på Varhaugmarken. Her vil me informera om planarbeidet og det vil være mogleg å melda seg som gjestebod. Det blir og høve til å stilla spørsmål.

Medverknad ved bruk av gjestebodsmodellen

Hå kommune vil invitera til første gjestebod i september. Det blir etter planen to gjestebod, og me arbeider no med tema og innhald for det første, ut frå erfaringar frå Nærbø. Gjestebodsmodellen går ut på at personar melder seg for å vera gjestebodsvert, som så får i oppgåve å samla vener og kjende for å diskutera ulike tema om Varhaug sentrum. Etter ei stund vil me samla gjestebodsværtane og andre til ein verkstadkveld, der me



diskuterer innspela vidare. Målet er å samlast om eit arbeidsnotat som blir lagt til grunn i vidare utvikling av planen.

Vil du vera gjestebodvert? Det er høve til å melda seg som interessert allereie no, ved å senda e-post til post@ha.kommune.no. Skriv gjerne nokre ord om kven de er, så skriv me dykk opp og tek kontakt når tid og program er avklart.



Søker etter ledige bærbuskar!

Har du bærbuskar som du ikkje har tid eller moglegheit til å henta bæra av? Tykkjer du det er trist å sjå at fuglane et opp bæra dine?

3. klasse (4.trinn til hausten) på Varhaug skule har lyst til å bruka nokre dagar i august på å

plukka bær som me seinare kan safta og sylta på skulekjøkkenet.

Har du bærbuskar som finst i gangavstand til Varhaug skule, og ikkje vil bruka bæra sjølv, ta kontakt med Kristin Søyland mob: 971 16 559.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløa

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Lenita Salte, bondelaget

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem

Ane Mjåteveit, bygdeungdomslaget

1. varamedlem

Kjartan Aanestad, skulekorps

2. varamedlem

Astrid Skreting, Lensmannsløa

Redaktør

Liv Hobberstad





Reparering av bord på Iden

Å vera, gjera og læra

Språksprell i lensmannsløa

Kvar torsdag møtest ei gruppe flyktningar og ei gruppe norske i Lensmannsløa. Flyktningane er frå Afganistan, Irak, Somalia og Syria og dei fleste bur på Varhaug.

Her treffest me for å snakka norsk og verta kjende med einannan. Me lagar mat, syr og strikkar. Me er med på dugnad på Iden og på vårreingjering i løa saman med Vennelaget. Me har «sykkelkurs», og me er tur og besøk i nærområdet.

I mars var me på besøk på Rådhuset og vart tatt godt imot av ordføraren og fekk god informasjon om det kommunale styresettet i Norge. Å møta, og kunna snakke med, ordføraren var også eit møte med det norske: likhet og likeverdighet mellom dei som bestemmer og oss andre. Det gjorde inntrykk, og det

gjorde godt, at sjefen for kommunen ville vita korleis dei opplevde det å vera flykting her, også det som kunne vera vanskeleg.

Då sola og varmen kom var me ein tur til det flotte området ved Leksaren/Arnstein Skretting. Her kom barnet fram i nokon og kvar. Zip-line måtte berre prøvast, både av unge menn og av unge og gamle damer. Det er kjekt å sjå gleda over å vera ute i naturen og få visa den norske kulturen: ut på tur.

Før sommarferien skal me på omvisning i Varhaug kyrkje og me skal på ein tur til Arboret.

Nytt av året er at me har opna opp for mødre med småe barn til å vera med på Språksprell. Dette er ei gruppe som lett vert sitjande heime aleine og får dermed liten kontakt med oss norske og det norske samfunnet.



På tur til Sirevåg

Flyktningane ønskjer kontakt med norske og hjelp til å forstå språket, kulturen og tradisjonar (å gå i tog 17.mai er noko anna en å reisa med tog). Dei ønskjer å verta kjende i nærmiljøet. For mange er toget einaste framkomstmiddelet. Havet, dei flotte strendene og heiane frå dei ikkje sjå eller oppleva. Mange har ikkje vore på besøk i ein norsk heim. Dette prøver me å gjera noko med, og til det treng me fleire norske hjelparar. Har du lyst å vera med på denne integreringsdugnaden? Då er det mange muligheter. Du kan vera i Språksprell. Du kan ta kontakt med kommunen om deira tilbod om å vera Hå-venn (tlf. 92095399). Eller du kan ta kontakt med flyktningar som bur i nærheten og invitera dei med på noko. Du er velkommen til å ta kontakt med underteikna visst du har spørsmål eller idear til nye tiltak.

Språksprell er eit integrerings- og norsktreningsstilbod for flyktningar som bur i Hå kommune. Det er eit samarbeidsprosjekt mellom Flyktningenheten, Frivilligsentralen, Bygdekvinnelaget, VIL og andre frivillige.

Anny Hagesæter



Ei tromme og spontan song og danseglede



FRÅ REDAKSJONEN

Kom mai du skjønne milde.... Å du å du for ein flott mai me har hatt, der alt ute i naturen nærast eksploderte over natta. Men så er det dette med «mais kulde osv» Får berre håpa at det og har vore kaldt nok til at «bondens lader vert fulle».

Styret i Varhaugbuen har i år lært at det er viktig å merka seg alle dei røde dagane i mai, når me skal setja fristen for nr. 2 av bladet som kvart år skal ut før Varhaugmarken. Stoff-fristen vart plutselig veldig kort, men folk var sporty og bilete og innlegg nærast «ramla inn» i postkassa mi.

Reknar med at mange vil sakna Sjur sitt innlegg. Han fekk rett og slett fritt denne gongen grunna arbeidet med boka om Lerbrekk skule. Men eg kan lova at han kjem sterkt tilbake i neste blad.

Ynskjer alle ein fin sommar med mykje sol og varme, slik at alle kan få lada opp batteria til hausten og vinteren.



Fotoklubben

Varhaug fotoklubb er for deg som har interesse for foto og ønsker fellesskap med andre fotoglade.

Det neste møtet vårt er mandag 4. juni kl. 19.00 i Lensmannsløa. Temaet er foto av dyr.ww

Klubben takker Ingvald Aase og fotograf Asle Haukland for god innsats i klubbens styre. Det nye styret består av Rune Scheie, Bente Vigre, Marianne Kristiansen og Ben Simon Djøseland. Du finner mer informasjon om klubben på facebook siden eller i bloggen vår, ved å søke på Varhaug fotoklubb.

På klubbmøtet i mai fikk vi bli med på en reise i foto og se på dyrelivet i Alaska og

Afrika. En stor takk til Rolf Gunnar Strand fra Stavanger fotoklubb for presentasjonen.

Medlemmene viste også egne bilder under temaet "male med lys/lang lukkertid". Her er noen av dem.

Bente Vigre



Lys i skogen Margrethe Annfinsen



BETONGARBEID - TREARBEID
Mølleavn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69



60 år i 2018! Har du gått i korpset på Varhaug?

I anledning markering av 60 års jubileum for Varhaug skulemusikkorps, ønsker vi å lage en liten minikoncert med medvirkning av nåværende og tidligere medlemmer. Vi ønsker deltageren i alle aldre, gjerne også besteforeldre. Konserten blir Fredag 16. November. Vi planlegger å holde 3-4 fellesøving i forkant for å bli samkjørte. Vi holder instrument så langt det rekker, Men kom gjerne med eget instrument om du har.



Dette blir kanonkjekt!

Påmelding innen 1.7.2018 til

Kjartan Aanestad 464 01 135
kjartan.aanestad@tec7.no
eller

Lars Ole Bergersen 991 55 369
laobe@online.no
Mvh Styret i Korpset



Konsert

Med avisa
i hagen
skyer som flyg
over sola

ei låvesvale
på den elektriske
leidningen sit
i kjole og kvitt

ser på meg
og held
ein liten fløytekonsert

flyg bort
kjem att
med andre avdeling
er det ikkje flott

Brit, 11.07.06



Internatet Varhaug SA

Nå har me fått skifta platene på dei tre siste sidene. I tillegg har me og skifta ut ein del vindaugo. Nå me så får vaska og mala verandaen mot aust og vest, vert huset kjempeflott. Bu skal og syta for at det kjem ny plen, så 4H får ein enkel sommar, det vert nok ikkje mykje plenklypping for dei i år. Eigarlaga har nå ein eigedom i Varhaug dei kan vera stolte av, ny renovert hus og ny garasje for eit par år sidan. Kan det i grunnen verta betre. Takk til alle som gjennom åra har gjort ein god jobb her!



Hå hagelag

16. august kl.: 17.00 går vi på Hagebesøk til Agnes og Arne i Tverrgata, en koselig hage på Varhaug.

Etterpå blir det kaffe og noe attåt på Vaaland museum.

Påmelding til Berit

Det skjer på Lerbrekk

Referat fra årsmøte i Vennelaget for Lerbrekk skule torsdag 15. mars 2018

Leiar Sigbjørn Varhaug ynskte alle velkomne. Det hadde møtt fram 33 stk.

Me song «Gud signe Noregs land» av Arne Garborg, «No livnar det i lundar» av Elias Blix og «Å vesle lerka» til tonefylgje av kapellmeister Brit på orgel. Det var mest som me håpa å syngja våren fram, så allsongen klang godt i stova til flott utsikt over sjø og rosa himmel.

Før årsmøtesakene hadde me minneord om 7 medlemmer som er gått bort og mintest dei med 1 minutt stillhet. Me song så «Til den stad eg er på vandring», ein song omskriven av Tobias Skretting.

Ingen hadde merknad til innkalling og sakliste. Sigbjørn las så opp ei fyldig og gild årsmelding, som bli einstemt godkjent. Me har 154 medlemmer i vennelaget, så det er me glade for. Det har vore 2007 personer som har skreve seg i gjesteboka. Huset har vore i bruk 70 gonger i meldingsåret. 10 gonger har me hatt sundagskafé. Kunst og Kult hadde salsutstilling som vanleg i oktober, og godt over 200 fekk kjøpt kaffi og mat i lærarbustaden. I november hadde Jæren Quiltelag 20 års jubileum, og dei hadde og godt frammøte. Me har sjølv hatt graudafest, juletreffest og grillkveld. Huset har vore utleigd til forskjellige føremål og blir brukt til barnedåp, konfirmasjon, selskap, minnesamvær, årsmøte, sumarmøte med meir, for private, organisasjonar og firma. Vaskegjengen har hatt storvask på vindauger og elles, og dei har vore samla til lefsebaking i november. Mykje arbeid vert lagt ned for å få huset til å fungera, og styret er takknemlig for all frivillig innsats.

Brit Obrestad gjekk gjennom resultatregnskapet og balansen, som viste eit positivt resultat. Rekneskapet blei einstemt godkjent.

Valet blei leia av Eirik J. Varhaug frå valkomiteen. Dei som var på val i styret tok alle attval, og styret er likt som i fjor.

Sigbjørn Varhaug, Inger Haugstad og Dag Varhaug blei attvalde. Brit Obrestad og Oddvar Ånestad

var ikkje på val. Varamedlemer Ingunn Reiestad og Oddvar Varhaug blei attvald, og likeeins revisorar Ingvar Reiestad og Øystein Bratland. I valnemnd tok Eirik J. Varhaug 3 nye år, og Per Egil Dubland og Olav R. Varhaug var ikkje på val.



Me song «Den glade vandrer» før bordverset, og det var det tid for matøkt. Gode påsmurte brødsriver, lefser og kaffi blei servert, og det smaka godt. Åresal høyrer og med til tradisjonen på årsmøte, og mange fruktkorger og andre fine gevinstar fekk ny eigar.

Så var det tid for å syna filmen om Varhaug Mølle, som Sigbjørn og familien har laga som eit familieprosjekt. Det var veldig kjekt å sjå filmen om mølla, og høyra Sigbjørn fortelja. Filmene vart laga i 1998. Me fekk følgja kornet sin gang gjennom mølla. Den nye mølla blei bygt i 1972, og den verkelege møllaren på Varhaug var nok Karl Åmodt som kom til Varhaug og fekk 10 born. Fleire av sønene fortsette å arbeida ved den nye mølla, og lengst var nok Fredrik der. Ragnvald Bratland var og lenge ved mølla. Arbeidet ved mølla var tungt og støvfullt, men etter kvart vart det modernisert og lettare. Sigbjørn starta ved mølla i 1985 og var i det siste sjef for mølla. Då mølla vart nedlagt i 2015 hadde han vore i 30 sesongar der. I 15 år fungerte mølla bare som mottak og turking for kornet, før det blei frakta vidare til Stavanger for maling. Frå topp til botn i mølla var det 15 meter, og mykje utstyr skulle vedlikehaldast. Ein kjekk film å sjå for oss Varhaugbuar, og Sigbjørn hadde talent som filmskodepelar.

Sigbjørn hadde hatt rund dag og feira 75 år, så vennelaget overrekte ein fin blomeoppsats. Brit Obrestad takka og for alt han gjer og betyr for skulen og vennelaget.

Til avslutning song me «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting. Sigbjørn yngste alle vel heim og takka for frammøte nok ein gong.

Inger Haugstad



Storhelg på Lerbrekk 7. og 8. april 2018

Laurdag 7. april kl. 13 var det opning av utstillinga til Jan Th. Værp og Einar Mattingsdal. Tarald Ueland frå Ueland historiske forlag ynskte vel møtt til utstillinga. Me song Garborg sin song «Å vesle lerka ho hev det so». Etterpå las Torstein Tunheim diktet «Til deg du hei og bleike myr», før me song «Gud signe Noregs land». Værp sine teikningar skildra innleiinga til romanen «Fred» av Arne Garborg. Han har skildra korleis det såg ut på Jæren i Garborg si tid, og desse teikninga var veldig levande og ei god skildring av korleis dikteren opplevde det i si innleiing: «Utanfor, i vest, bryt havet på». Tarald Ueland las denne innleiinga, og Værp peika etter kvart på kva teikning han hadde gjort som skulle uttrykke desse setningane:

Havet
Landet
Himmelen
Husa
Folket

Tarald Ueland fortalde og litt om kva tid han vart kjent med Garborg, og kvifor han fekk Værp til å

gjere desse teikningane som vart til boka «Utanfor, i vest, bryt havet på».

Det var høve til å kjøpe boka eller teikningane, med eller utan ramme. I tillegg var det høve til å kjøpe Einar Mattingsdal sine knivar som han hadde laga skaft og slire til.

Vennelaget sytte for kaffi og heimebakt i lærarbustaden.

Det møtte ikkje så mange på opningsdagen, men sundag 8. april var det mange som fann vegen til Lerbrekk, og utstillarane var godt nøgde med helga.

Brit Obrestad



Grillkveld

torsdag 9. august 2018 kl. 18.00

Me riggar til grillen og vonar på godt ver i år. Agnes Varhaug med sin spelegjeng, stiller som vanleg opp med god musikk. Det vert sal av grillmat, kake og kaffi. Allsong høyrer med.

Velkomen til skulen på Lerbrekk denne kvelden.

I mai var det som vanleg konfirmasjonar som vart feira på Lerbrekk. Heile fem selskap. Noko som gjer at vaskegjengen har ekstra travelt når dei må stille opp laurdag kveld etter selskapet og vaske Ein ekstra takk for at de alle trufast stiller opp, vaskarar!



Sundagskafe

3. juni, 1. juli og 2. september er det sundagskafé kl. 14 - 17.

Velkomen til skulen for kaffi, vaflar og ein gode drøs.

Helsing Vennelaget



- **interiørkonsulent**
- **golvlegger**
- **systue**
- **gave og interiør**
- **solskjerming**
- **maling**
- **tapet**
- **parkett**

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN
Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE



Nytt frå Misjonshuset Tida flyr -

– snart er det pinse og så vert det
Varhaugmarken 1-2 juni. Og der vil me frå
misjonshuset vere til stades.

På Misjonshuset går det mot sommar og då vert det
lite møter. Siste nummer av Misjonshusbladet vart
delt ut i byrjinga av mai. Og det hadde mykje bra
stoff, bl.a. bilete av styra i organisasjonane. Mykje
stoff frå misjonslanda var det også,- mellom anna ført
i penna av Sjur Håland. Og arbeidet til Normisjon
vart godt presentert.

Men det å vere på leir er noko mange har erfaring
med,- og i dette bladet var det to flotte stykkar om
leirar og leirplasser i Rogaland.

Og for dei som hugsar forsamlingshuset,- hadde Odd
Dubland ein god historietime om «mitt møte med
Varhaug Forsamlingshus» og med eit gammalt flyfoto
av Varhaug sentrum. Slå opp bladet og les, og biletet
syner klårt at sentrum har endra seg!

Sjå program på oppslag og i annonsar og følge med
på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og
planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som
er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon
er 51 43 08 08. Det er berre 1 time, men ein kan
tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til
misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks
103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Hå skulesjakk

Skulesjakken har dette skuleåret vore på Varhaug
på onsdagar kl 1730-1830. I Lensmannsløa.
Fordi mange ønsker nytta Lensmannsløa til ulike
arrangement, vart det i vår fleire onsdagar som
ikkje kan nyttast til samling for Hå skulesjakk. Me
vil derfor prøve å få plass på Vigrestad eller Ognå
til hausten på torsdager.

Me har ei side på facebook, sjå gruppe «Hå
skulesjakk». Og elles er det informasjon om sjakk
(med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Referat frå Håmesterskapet 10. mars er på annan stad.

Når Varhaugmarken kommer i dei to første dagane
i juni,- vil me i Hå skulesjakk arrangere VM i

utesjakk igjen oppe ved rådhuset. Då spelar med
med store sjakkbrikker.

Kom og bli med.

Elles håper me at mange frå Varhaug (og også
resten av Hå) kan vere med på NorwayChess
barneturneringer. 8.-9. juni er det skolelag med
tre mann på laget, og den er gratis å vere med på.
På fredag 8. juni kommer Magnus Carlsen og dei
andre 10 beste spelarane i verda og helsar på og
skriv autografar!.

Og 10. juni vert det BGP (Banas Grand Prix)
turnering i 5 aldersgrupper. Då må ein vere
medlem i skulesjakkklubb for å delta og det koster
200.

Sjakk for vakse

No vert vaksne spelarar invitert til å vere
med i Jæren Sjakklubb.

No vert vaksne spelarar invitert til å vere med i Jæren
Sjakklubb og kome til Bryne VGS og spele på onsdager
frå kl 1900 til om lag 2200. Jæren sjakkklubb var eitt år
i februar og har om lag 40 medlemmer, nokre svært gode
men dei fleste av oss er sånn midt på treet.

Fleire medlemmer vil vere med i årets landsturnering
(«det store NM») i Sarpsborg i juli. (6-14/7)

Eit av dei større hendingane er Norway Chess 28/5-
8/6 i Stavanger. Dei 10 beste sjakkspelarane i verda
møtes til dyst.

Og i samband med den turneringa skal Time
Kommune saman med Jæren sjakkklubb arrangere
lagmesterskap for barne- og ungdomsskuleelevar 8-9.
juni. Og me vil arrangere BGP-turnering 10. juni.

Klubben hadde sjakkstunt på M44 fredag 11. mai. Alle
som ville kunne spele mot medlemmar frå klubben
eller svare på ein sjakk-quiz. Og då vert dei med i
trekning av flotte premier, mellom anna bilettar til
Norway Chess for å sjå på Magnus og dei andre.



Klubben arrangerte NGP (NorgesGrandPrix) i
lynsjakk 15. april og NGP i hurtigsjakk 14. april.
Begge turneringene vart vunne av IM Vadims
Daskevics som har rating på langt over 2400. I
sterkeste klasse i lynsjakk var beste jærbru Oskar Feed
Jakobsen (nr 17 av 28), mens i hurtigsjakk var det
Ahmad Abdelhafiz (8 av 22) som var best av Jæren
sjakkklubb sine medlemmer i sterkeste gruppe..

I lynsjakk i gruppe under 1250 i rating vant Daniel
Sinnes med Arvid Feed Jakobsen på 4. og Sven
Tobias Ueland på 6. plass av klubbmedlemene. Og
i hurtigsjakk i gruppe under 1250 i rating vart 10
år gamle Balder Salte frå Jæren sjakkklubb nr 2 av 44
spelarar!.

Klubben har egen internettside: <https://www.jarensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb». Sjå
elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

KULLSYREMASKIN
FRA AGA



899,-
inkl. patron

bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

**VI HAR
GODKJENT
BILVERKSTED:**

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Hå mesterskapet i sjakk for skoleelever 10/3-2018

Hå mesterskapet ble i år avholdt på Varhaug Misjonshus. Opplegget var som tidligere år. Erik Høidahl hadde først en innledning med hint og tricks ang sjakk.

Og de 17 som var påmeldt lyttet ivrig og svarte på spørsmål om hva som var lurt i ulike stillinger der det kunne bli matt eller der en spiller kunne få til en «gaffel».

Så spilte vi 6 partier med 15 minutt tenketid. Litt over klokka 12 var det pause med pizza og brus.

Og mens spillerne startet neste parti, var det årsmøte der årsmelding og regnskap ble lagt fram og vedtatt. Valget var enkelt- gjenvalg på alt!.

Det ble spilt i to klasser, nybegynner for de som nettopp hadde begynt med sjakk og deltok for første gang i en turnering. Og klasse mester, der noen av de beste spillerne i Rogaland i sin aldersgruppe deltok.

Vandrepokalen i mesterklassen blir satt tilbake på Tryggheim ungdomsskule siden Oskar Feed Jakobsen enda en gang seiret i beste klasse og ble Hå-mester, mens vandrepokalen for nybegynnerklassen nå blir stående på Høyland skule da Ole Gudmund Romsdal Nærland ble best av de ferske sjakkspillerne,

Takk for god innsats, hilsen Per-Arvid



Håmesterskapet_2018 Varhaug Misjonshus, 10. mar 18 Gruppe Nybegynner

Endelig resultatliste

Pl	Navn	Klubb	1	2	3	4	5	6	Poeng	Ind.p
1	Ole Gudmund Romsdal Nærland	Høyland	+5	+2	+3	+6	+4	+7	12.0	12.0
2	Nils Tore Espegren Aarsland	Jærtun	+4	-1	+5	+3	+7	+W	10.0	10.0
3	Sven Bratland	Varhaug	+6	+7	-1	-2	+W	=5	7.0	7.0
4	Henrik Nilsen	Ogna	-2	=5	+W	=7	-1	+6	6.0	6.0
4	Asbjørn Skretting	Varhaug	-1	=4	-2	+W	+6	=3	6.0	6.0
6	Tollak Espegren Aarsland	Jærtun	-3	+W	+7	-1	-5	-4	4.0	4.0
7	Madeleine Bratland	Varhaug	+W	-3	-6	=4	-2	-1	3.0	3.0

Hvite partier står med **fet skrift**.

13. mar kl.09:58 TurneringsService 6.5

Gruppe mester

Endelig resultatliste

Pl	Navn	Klubb	1	2	3	4	5	6	Poeng	Monrad-1	Monrad	Berger
1	Oskar Feed Jakobsen	Tryggheim u	+08	+07	+02	+04	+03	+06	12.0	35.0	37.0	37.00
2	Arvid Feed Jakobsen	Tryggheim u	+03	+05	-01	+06	+04	+07	10.0	40.0	44.0	32.00
3	Asle Kydland	Varhaug	-02	+08	+07	+05	-01	+09	8.0	35.0	37.0	15.00
4	Peder Fiskebekk	Vigrestad u	+06	+09	=05	-01	-02	+10	7.0	37.0	39.0	13.50
5	Arnold Johan Skretting	Varhaug	+10	-02	=04	-03	+09	+08	7.0	29.0	31.0	9.50
6	Livar Vigre	Høyland	-04	+10	+08	-02	+07	-01	6.0	35.0	37.0	8.00
7	Leif Sverre Gimre Håland	Vigrestad u	+09	-01	-03	+10	-06	-02	4.0	38.0	40.0	4.00
8	Knut Morten Skrettingland	Varhaug u	-01	-03	-06	-09	+10	-05	2.0	35.0	37.0	2.00
9	Brian Vigre	Høyland	-07	-04	-10	+08	-05	-03	2.0	28.0	30.0	2.00
10	William Ben Nilsen	Ogna	-05	-06	+09	-07	-08	-04	2.0	26.0	28.0	2.00

Hvite partier står med **fet skrift**.

13. mar kl.10:01 TurneringsService 6.5

Jæren sjakkklubb



Program for Kultur i Løå sommer og høst 2018:

- 23/6 *Jonsokfeiring på Lensmannsløå*
- 20/9 *Country-konsert med Britt-Synnøve Johansen*
- 18/10 *Under construction*
- 2-4/11 *Kunstutstilling med Odd Dubland og Arnfinn Røyland*
NB: Ikkje start 19:00. Kjem eigen info.
- 14/12 *Julekonsert med Julestjernetrioen Hanne Sørvaag, Randi Tytingsvåg og Britt-Synnøve Johansen.*

Alle arrangement startar 19:00

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.

Datoar: 11/9, 25/9, 9/10, 23/10, 13/11, 27/11 og 11/12.

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dykk melda dykk inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook



Dag og Stasjonsungane

Releasekonsert for albumet: Vannåre. 21.04.2018

Varhaugsbuen let ikkje sjansen gå frå seg denne laurdagskvelden, dei har kapra kvar ein stol i, Lennsmansløa, eit steinkast frå Stasjonsgadå.

Ei veke har gått sidan siste billett, nummer 150, blei omsett. Endeleg har Silo og Saft sin poet, Dag Madland, gått solo saman med stasjonsungane, Richard Madland (bass og el.gitar) og Sven Arne Vestbø (slagverk). Forventningane er store.

Dag kjenner sitt publikum og publikum kjenner Dag. Det er hand i hanske. Aleine på scenen tek han seg god tid til å fortelja om bakgrunnen for platesleppet. "Låtmateriale æ begrensa", kjem det sjølvvironisk frå frontfiguren.

Det er ein sann fryd å høyra Dag utdjupa dei festlege historiane som songane kretsar om. Då Englandsantennen kom te Odland er ein av mange denne kvelden.

«Dæ va skiftane forhold på skjermen kan du sei. Arvid snudde på antennen den dagen han sklei. Då kroppen hans ramla og traff terrassen. Såg me på boksing i tungvektsklassen»

Med desse historiene tek Dag over Lennsmansløa. Han er ein god forteljar, og brått har Varhaug fått sin eigen Øystein Sunde. Det mimreklare publikummet får servert en førsteklasse forrett, eine og aleine med ingrediensar frå garden ein dryg kilometer utanfor stasjonen på Varhaug.

Før Dag og Stasjonsungane dreg i gang takkar dei audmjukt for at dei har fått med seg musikarar av høg kvalitet på fiolon, tangenter, bass og vokal. I same rekkefølge, Lars Ole Bergesen, Kårstein Bø, Livar Enåsen og Ranveig Marie Nesse. Det har dei rett i, dei leverer.

Konserten startar noko anstrengt og ustøtt med "Far sin Kjekkenradio" før den sett seg med "Då Onkel Peder sko stedla".

"Å stakkars Peder va spinkel og sped, Men sommaren 81 måtte han te".

Blant dei beste songene denne kvelden er viseballaden om "Høgalofte" med nydelig duett av Ranveig og Dag.



«Her en dag va æg haima, stakk hæve mitt opp, drøymde mæg tebage te mors høgaloft»

Hyllesten av mor, «Når kvelden er komen» er kanskje den beste. Her kjem alvoret og det sårbare fram, det emosjonelle kler definitivt Dag og Stasjonsungane. Dette er også songen der Kårstein, Livar og Lars Ole verkeleg får vist seg fram.

«He du tenkt på kor mangen gonge hu fant, alt du lette itte, alt så forsvant. Elle då du trudde ingen forstod, at du hadde dæ vondt der du stod.»

Sist ut er tittelsporet «Vannåre». Her er samspelet best og dei kjem nærmast Tønes-nivå. Det er umulig å unngå ei samanlikning med visesongerane frå Haua som for lengst har spelt seg opp i eliten med songer i same sjanger.

«Onkel Jonas æ på jakt itte vannårå di, Dæ knaka i kvisten, når Onkel æ på gli, Ska huset her på garden varta buanes i må onkel Jonas jæra groen vannåre-fri»

Dette er moderne lokalhistorie frå Jæren, og at det nå er lett tilgjengeleg musikk gleder mange med meg. Tekstane treff godt fordi oppveksten på Jæren er radikalt endra sidan 80 tallet, og det er nok ikkje berre Silo og Saft som tenkjer at alt var betre før. Publikum nikka, lo, klappa og avslutta med ståande hylling.

Musikalsk må Dag og stasjonungane vel våga å variera meir, ta fleire sjansar og utfordra kreativiteten.

Sleppkonserten på Varhaug viser at dei har mykje å fara med, men treerbanden har nok noko å arbeida med før dei treff grinebitarar og betalte musikkmeldarar.

P.S Allereie på fredag er det plateslepp på digitale kanalar. Fram til fredag er det kun salg av plater på Varhaugs lokale slakterbutikk R.Skretting.



Country i Løå 20. september

Våren 2017 hadde Britt-Synnøve Johansen og Svein Ragnar Myklebust konsert i Lensmannsløa, der dei til publikums store glede blant anna framførte country-klassikaren Tennessee Waltz.

– "Me kjem tilbake med countrykonsert om de lover å kome!" – kom det spontant frå Britt-Synnøve på scenen. Publikum lova.

Som sagt så gjort.

Britt-Synnøve og Svein Ragnar kjem den 20. september til Lensmannsløa med full countrykonsert.

Dei har forsterka laget, og fått med seg Kjetil Ottesen på song og gitar, samt Theodor Barsnes Onarheim på kontrabass.

Kjetil har i mange år jobba tett med artiastar som Rita og Frank Eriksen, og er med si såre røyst ein framifrå tolkar av country. Theodor Barsnes Onarheim er ein av landets aller beste bassistar som Britt-Synnøve og Svein Ragnar har hatt gleda av å samarbeide med på fleire prosjekt.

Kvartetten har vald å ta utgangspunkt i den tradisjonelle countrymusikken. Dei har lytta, diskutert og valt seg ut sine favorittar. Publikum kan vente seg kjende songar frå artistar som Dolly Parton, Willie Nelson og Johnny Cash.

Dette vert ein kveld med fleirstemt song iblanda mykje lun humor.

Då voner me publikum hugser sitt løfte og ynskjer alle velkommen til

"COUNTRY I LØÅ" den 20. september.



ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104

ODLAND 4/s
FORSKALING OG STØYPING

4360 VARHAUG





Varhaugmarken

FORELØPIG TIDSPLAN

(her kan det bli mindre endringer)

FREDAG 1. juni

17.00 Åpning av Marken
17.15 Ungaløp
18.30 Varhaugpulsen
20.00 Slutt for i dag

LØRDAG 2. juni

08.30 Frokost v/ Bygdekvinnelaget
09.00 Marken åpner
09.00 Jærbelgen
09.30 Seniordansen
10.00 Skolekorpset
10.30 Sanginnslag ved Misjonshuset
11.15 Mannekengoppvisning
12.30 Varhaugmila
13.45 Trekking av premier til Varhaugmila
14.30 Takk for i år.

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Varhaug
Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Lars Gaute Sport
sport 1
VARHAUG 51 43 28 80 NÆRBØ 51 43 43 10



VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

RENNEBIL- LØP

2. JUNI PÅ VARHAUGSMARKEN

«ÆG Æ MÆ ÆG»

KRAV:

- Uten motor
- Hjemmelaga
- Hjelm
- Bremsar
- Sving



INFO:

- 1.- 4. klasse
- 5.- 7. klasse
- 8.- 10. klasse



Under open himmel – Svala 4h

Den 27. - 28. april arrangerte Svala 4h Under open himmel. Møtet er ei markering av 4h-dagen som er den 4. mai.

av Helle Skretting



Dagen markerer stiftelsen av 4h Norge og blir feira i mange klubbar over heile landet. Etter reglane skal dette møtet være den nærmaste laurdagen til den 4. I år måtte me ta møtet litt før p.g.a. konfirmasjonar på Varhaug.

Det blei elles eit vellykka møte med 60 deltakarar på plass om kvelden, og 50 som overnatta. Møtet fann stad på Leksaren, nere med Reiestad-bekken. Medlemma tok med seg grillmat til kvelds, medan frukosten vart sponsa av Spar, Varhaug. På kvelden på laurdagen var det og aktivitetar som inkluderte øksekast, pil og bue, oppsetjing og nerpakking av telt m.m.

Det var ro i leiren klokka 23:30 på fredagen, og vekking klokka 08:30 på laurdagen, men innan då var dei fleste oppe allereie. I løpet av natta hadde me 4 flinke nattevakter som sat klar i 4-tida på laurdagen då ungane begynte å vakne.





Her er ungdomskuleelevar klar for rydding i Bodle.

Stor ryddedag i Hå kommune

3. mai var over 2.000 - små og store - på rydding i kommunen.

På Varhaug var 800 i aktivitet frå barnehage, barneskule, ungdomsskule og den faste ryddegjengen på Varhaug. Dei rydda både i sentrum og rundt omkring elles, og 8. og 9. klasse på ungdomsskulen samla graps i Bodle, både sør- og nordover i strandkanten.



Preben Skrettingland, Eirik Hetland Vestbø, Ole Dvergsdal og Rasmus Auestad slappar av utanfor Skrettingen etter at dei er ferdige med ryddejobben.



Desse jentene hadde og vore med og rydda: Sanne Skeie, Stina Håland Nedrebø, Birgitte Omland og Karine Berge.



Denne gjengen fjerna sist rest av spødapynten» i Stasjonsvegen: I stigen med saksa: Karl Tjemsland, dei andre: Livar Lende, Christian Håland Reime, Ådne Skretting og Trond Skrettingland.

En alliansebank i eika.

Vi spiller alltid på hjemmebane

Alle lag er best hjemme. Derfor spiller vi rett og slett ikke bortekamper. Jæren er stort nok for oss. Lokalbanken er ett lag. Plassert sju bra plasser på Jæren.

Telefon 03290
www.jaerensparebank.no

Bryne ◊ Jærhagen ◊ Kleppe ◊ Kverneland
Undheim ◊ Varhaug ◊ Vigrestad

jæren
sparebank



Så er det til for Varhaugmarken igjen

1. og 2. juni er det klart for den årvisse Varhaugmarken, stort sett med same program som før. Gildt er det at kjem til nye utstillarar for kvart år, og det er komiteen særns nøgd med. Me har jo ikkje så veldig med butikkar på Varhaug, og då er det gildt at dei får vist seg fram på Marken. I tillegg til lag og organisasjonar håpar me at desse vil skapa liv og røre i sentrum desse to dagane. «Ongaløpet» på fredag og ikkje minst «Varhaugmilå» på laurdag, har det alltid vore stor interesse for. Så er det berre å å ynskja lukke til med dagane i 2018, og vona på likle flott ver som her i 2016.

Liv

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MCA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE



6. mai opna Grødalandstunet for sesongen, og det var mi vakt

Det er medlemar i Hå historielag som tek seg av vakthaldet, og på søndag var det min dag. Det var og den store strandryddedagen som Norsk oljevernforening, Jæren friluftsråd, Jærmuseet og Norsk olje og gass som stod for. NOFO er 40 år i år, og dette ryddinga var ein del av 40-års feiringa. Det var ein enkel dag «på jobben» for Gjertrud og meg; det var ikkje billettsal, og den gratis maten etterpå til små og store var heller ikkje noko me hadde noko med. Det var ein takk for ryddejobben dei hadde gjort, og det såg ut som både lappar, pølse, saft og kaffi falt i god smak. I tillegg fekk dei eit gratislodd – det var nemlig ein gevinst for den heldige i tillegg til maten Me prøvde eter beste evne og levera ut

gratisbilletter og få dei registrert i besøksprotokollen, men dei fleste var meir interessert i alt dette andre etter turen til stranda. Trur det var bortimot 90 personar som deltok, men det var ikkje mange som vart registrert hos oss. Ekstra gildt var det for ei jente som fann ein flaskepost frå Bremen. Nå hadde ikkje flasken hatt den lange turen frå Bremen, nei flasken var kasta i havet frå ein båt som forbi her 27. april. Men moro var det likevel, og veldig gildt for jentene. Dei viste meg brevet, men flasken, nei den hadde dei kasta saman med det andre søppelet. Ryddar ein, så ryddar ein. Ifg Jærbladet var det rydda eit tonn søppel denne dagen.

Liv



«Takk for sist»

Slik helsa eg Drillo då han var på Varhaug nyleg. Han såg berre rart på meg, har me vore saman før?. Då viste eg bilete eg tok 6. juli 1993, og brevet han sende til meg (Vil bladet) 13. juli 93, og som eg hadde teke med i jubileumsboka til VIL i 2007. «Ja, eg ser det er mi skrift, men dette husker eg ikkje, sa han» Då ga eg han boka som gåve, slik at han kunne mimra litt med eit ekstra minne frå Varhaug.

Drillo var invitert til Varhaug både for å snakka på spronsor treffet om dagen, og ikkje minst for å opna dei nye kunstgrasbanane. Før dette siste snakka han om trening for ein del unge og vel vaksne trenarar i det fine sosialromet i Sparebanken Arena. Det var der eg og fekk møta Drillo. Seinare var eg og til stades då Drillo saman med ordføraren klippte snora for dei nye kunstgrasbanane, som vart bygde på rekordtid, 2 månader. Her har Kjell Tore nok ein gong vore leiar for eit byggeprosjekt. Han vil jo ikkje ha noko skrøyd, så han svara me var heldige med veret, og så var det på ei slik tid at me ikkje hadde problem med å få med folk med traktorar. Det var ikkje berre Drillo og ordføraren som var imponert av den jobben dei hadde klart på berre to månader. Lukke til VIL med alt de balar med.

Liv



Drillo, Morten Jelsa, ordførar Jonas Skrettingland



Magnar Håland, Drillo og Arne Larsen-Økland

V **VoldenTollefsen AS**

Rådhusgt. 2A
4360 Varhaug
Tlf. 51 47 22 00
www.voldentollefsen.no

BDO AS

Avd Jæren
Rådhusgata 2A, 4360 Varhaug
Telefon +47 51 79 12 20
www.bdo.no

- Alt innen tømmerarbeid
- Rehabilitering bad, vi ordner alt.
- Tilbygg/ påbygg
- Nytt tak, nye vindu, ny kledning
- Etterisolere boligen

BYGGMESTER
SKRETTINGLAND & LOBEKK AS
Telefon 982 46 475 - Mail post@bm-sl.no



Du skal få ein dag i morgon ...

Ja, alle kjenner jo den songen, der me syng om å retta opp feila frå i fjor. Nå skal ikkje me gå så langt tilbake, berre til første nummer av Varhaugbuen i år. Difor kjem den infoen nå. Det kan jo godt vera at det fleire som ikkje kjenner til dette koret?

Koret Hananja starta opp i 1997 som eit prosjektkor. Hananja betyr "Herren er nådig". I fjor feira koret 20-årsjubileum, og me arrangerte ein jubileumskveld på Varhaug misjonshus. I dag består koret av ca 35 medlemmer i alderen 21 år og oppover. Me har medlemmer som kjem både frå Orre, Nærbø og Vigrestad i tillegg til Varhaug for å vera med å syngja.

Me øver annakvar onsdag i oddetalsveker frå kl. 20 til 22 i matsalen på Varhaug Misjonshus.

Me syng for det meste 4-stemt. Sangreportoaret er varierende med salmer, gospel, norsk og engelsk.

Hananja oppter vanlegvis 2 gonger i månaden.

Me ynskjer at koret kan vera ein stad der alle kjenner på at det har ein plass, at alle er viktige i felleskapet og at ein får kjenna seg verdifull. Gjennom sangen og musikken ynskjer me å vitna om og peika på Jesus.

Me har plass til fleire medlemmer, så ynskjer du å vera med, har me lyst å ha deg med på laget!

Tone Vigrestad.



Glimt frå ein ungarsk marken



I påsken var eg i Heviz i Ungarn, og der er det tradisjon med markensdagar i påsken.

Heviz er ein liten by på størrelse med Nærbø, 5000 innbyggjarar, men der er 300 hotell i og rundt byen. Heilt utruleg i grunnen, men det har frå gamal av vore ein kjent kurstad. Så det var mykje folk overalt i gata og torget der det var bode med både mat, drikk, keramikk, tøyvarer, smykke og mykje meir dill og dall. Her var det noko for ein kvar smak, men eg tok bilete av noko av maten som vart selt. Dei var ganske drusne både fisken og pølsene, så der takka eg nei, så det var vart steikte grønnsaker – kjempegode – for min del, pluss noko godt i glaset.

17. mai på Varhaug

Varhaugbuen takkar Jærbladet for bildene!






Karneval i Svala 4H

Tysdag 13. mars arrangerte Svala 4H karneval for alle aspirantane i klubben. Det var både dansing, twister, ludo, biljard, pinjata, snacks og litt sjakk. Alle kledde seg ut, og det var mange fine og kreative kostymer. Bare sjekk ut disse bildene!





Ungdommane styrer sjølv bingo om dei har lyst til det

Lensmannsløa ungdomsklubb

I løa er det mykje aktivitet som vanleg. Det hender me har 30 besøkjande, eller nokre gonger så mange som 60 ungdom innom. Ungdomsklubben har og fått eit solid ungdomsstyre. 9 ungdom, med representantar frå ulike stader i heile kommunen, er med og søker pengar til arrangement og aktivitetar. Den første innvilga søknaden resulterer i tur til RUSH trampolinepark 15. mai, og Paintball i juni er også under planlegging.

I Nyleg la me ut påmelding til sommarferie for ungdom. Turen går til Lyngdal på luksushytte med basseng og boblebad, og fullt opp med aktivitetar. Me gler oss.

Wanted: Nokre ungdommar har lyst å testa «smalahåve» med tilbehør ein klubbkveld. Dette har me lyst å få til, men kompetansen og erfaringa sjå oss vaksne er heller låg. Me vert kjempeglade om nokon kan hjelpe oss med dette.

Har du ein ide. Eller noko du tenkjer kunne vore gildt for ungdom å finna på, vera med på eller oppleve? Ta gjerne kontakt, så høyrer me med ungdommen kva dei syns.

Monica C Herredsvela



Fix it frisørane hadde ein travel kveld med sminking og frisering



Siloen er gull verd



Karaoke var eit festleg rom for mange



Gild musikkstund i Hallen

I år var Friman bytta ut med Frelsesarmeen, og det vart mykje fin sang og musikk for dei vel 160 som kom. Fast innslag på dette arrangementet er Hå trekkspelklubb. Som vanleg hadde dei kvar si avdeling, men til slutt spelte og song dei saman med puplikum; La oss leve.....

Denne musikk stunda har i alle år vore vellukka, med ein liten pause med kaffi og heimabakt, og dei som kjem er glade i å synga. Trur nok me hadde songe endå meir om me hadde hatt eit sanghefte. Det er ikkje alle sangane me kan "for yttå"

Liv



Varhaug Bygdekvinnelag

«Kom mai du skjønnne milde « ja, i skrivende stund passer den gamle velkjente barnesangen godt— maidagane så langt har vore flotte.

Vi i Varhaug Bygdekvinnelaget er nå i sommarmodus--- når dette bladet kjem på trykk har vi kun sykkelturen på vårt program før ferie. -- målet er Haugstadskogen—ein lettsykla tur utan dei store bakkane. Dette år må vel verguden være på vår side – dei to siste åra har vi syklet i pøsregn—men vi er tøffe bygdekvinner som trør til uansett ver!

«Strikketepper» som har vore vårt prosjekt til Prematuravd. på SUS har vore vellykka---ikkje minst strikturen til Kristiansand i aril. Har ikkje heilt kontroll kor mange kilo strikk som er innlevert og skal overleverast—men det er ikkje reint lite--- TAKK til alle som har bidratt.

Det er kjekt å være med i Bygdekvinnelaget når engasjementet er så stort - håper dette vil fortsette - vi treng Bygdekvinner.

Etter ferien starter vi opp med basaren som er torsdag 30. aug. og da kjem Hilde Aksdal som er doktor på Varhaug og har som tema : Kvinner og Hjertesjukdom.

Er det nokon som har forslag /idear til tema for møtene , kurs som kan ver aktuelle er det bare å ta kontakt med oss i styret .

Vil så ynskje alle ein fin sommar---uansett ver—det er jo ikkje veret som bestemmer alt -det gjelder å innrette seg etter veret så vert det bra!!!



Nå har dei pakka dei 3 store øskjer med 75 små tepper og 72 små luer og sokker, som skal leverast på sjukehuset i neste veke.



- Alle som løper 10 km får t-skjorte
- 1500 kr til laget med flest deltagere (gjelder begge distanser)
- Flotte uttrekkspremier

Start / mål: ved gamle banken

Påmelding: www.vil.no eller samme dag før kl 11
(vi anbefaler å melde seg på via nettsiden)

Kontingent: 10 km – kr 200,- (kr 250,- dersom dere melder på samme dag)
5 km – kr 150,-

Generalsponsor





Norsk Folkehjelp Hå er blitt landskjent

På 6 måneder er laget blitt 362 medlemmer og det blir lagt merke til i Norge. Styret har fått personlige eposter fra generalsekretæren i Norsk Folkehjelp, det er skrevet flere artikler i nasjonale magasiner osv.

Ca. 40 medlemmer er aktive i form av tjenester som sanitetsvakter, søk/redning og undervisning. Mange av våre medlemmer jobber i ambulansetjenesten, legevakt og sykehus.

Mange av medlemmene som har sitt virke som helsepersonell har også en tilleggskompetanse innen instruksjon. Dette betyr at vi har en egen gruppe som driver med kurs og opplæring for bedrifter og andre som har behov for dette. Vi er stolt av å kunne tilby distriktets laveste priser på kurs. Lokallaget fikk nettopp tilbakemelding at våre kurspriser er vesentlig lavere enn andre tilbydere, en tilbakemelding vi er tilfreds med.

Varhaug

Lokallaget er etablert i Stuelandsbygget på Varhaug.

Her gjennomføres kurs i bruk av hjertestarter, kurs for nye medlemmer, styremøter og sosial aktivitet. Når vi er i lokalet er det alltid mulighet å komme innom på «drøs og en kopp kaffe» sier leder Børge Hognestad. Nylig har det vært gjennomført førstehjelpskurs for nye medlemmer

Laget har vunnet 2 helt nye hjertestartere.

Når laget ble startet var det etablert en nasjonal, regional og individuell vervekonkurranse med flotte premier. Under regionens årsmøte fikk laget overrakt en helt ny hjertestarter som premie for det laget som vervet flest medlemmer i region sør-vest. I tillegg har også laget vunnet den nasjonale vervekonkurransen her var premien en hjertestarter.

Egen ambulanse

Siden oppstart er det jobbet målrettet for å skaffe seg egen ambulanse til å utføre de oppdrag som kommer. Vi har beredskap ved motorsport som hovedsatsning og da er det nødvending med en godkjent beredskapsambulanse. Lover og forskrifter

har som krav at en beredskapsambulanse for vår del skal være hvitfarget med grønn profilering. Ambulansen er godkjent for utrykningskjøring. En beredskapsambulanse må ikke forveksles med ordinære ambulanser da disse er en annen type tjeneste.

Vi ble svært glade da Sparebankstiftelsen Time og Hå kunne fortelle at de ønsket å overrekke en gavesjekk på 100 000 kroner, i tillegg har vi fått private gaver som vi er svært takknemlige for. Gaver og egne oppsparte midler gjør denne store investeringen mulig.

Beredskap

Norsk Folkehjelp Hå har fått et stort geografisk område å operere i. Rogaland og Vest-Agder er stort og heldigvis finnes flere lokallag i samme område. Vi blir litt «lillebror» i folkehjelpfamilien i Rogaland og Agder. Sammen med de andre lokallagene i region Sør-vest er vi en del av den «store familien». Det er et velfungerende samhold og samarbeid mellom lagene.

Norsk Folkehjelp Hå er lokalisert i Hå kommune og vårt formål er å tilby beredskap og opplæring til kommuner og innbyggere. Det er da helt naturlig å jobbe tett sammen med Hå kommune sin beredskapsavdeling.

Vi er nå i en prosess sammen med Hå kommune om å formalisere beredskapssamarbeid med kommuner.

Det koster å drive en beredskap - vi tilbyr distriktets billigste førstehjelpskurs. Vårt arbeid drives på dugnad og det koster penger til utstyr, avgifter, leie av lokaler, radiolisenser for nødnett, forsikringer osv. Medlemmene som driver med kurs og opplæring har sitt primæryrke i legevakt, ambulanse, akuttmottak eller andre steder førstehjelp utøves daglig.

Vårt mål er å gjøre kommune og våre samarbeidsparter gode - ta gjerne kontakt for et kurstilbud.



Kråka

Gjengen som i flere år har spela kråka saman, har dei siste åra halde til i kjellaren i idrettshuset, og dette var i grunnen ikkje ein særleg koseleg plass. Men nå, har dei fått plass i Sosialromet i Jæren Sparebanks Arena, og her stortrives dei.





17. mai i Løå

Også i år inviterte vennelaget til kulturkveld i Løå på 17. mai. 72 personar fekk ein innhaldsrik kveld.



Ruth Irene Kristensen ynskte velkommen og mimra litt om korleis det var på 17. mai i hennar barndom. Vart veret slik at det vart ”hallsokkar” eller strømpebukse og om dei tøffe guttane som kjøpte knall hos Auest`en. Etter humringa å døma, var det fleire som kjente seg igjen.

Underhaldninga denne kvelden stod Arnt Olav Klippenberg og Sven Arne Peterson for. Det var både alvor og skjemt i viser og dikt. Fleire av nummera var direkte mynta på varhaugbuen. Dette var karar som fekk publikum med seg både i latter og allsang. Vi håpar vi kan få mulighet til å høyra dei i Løå fleire gonger.

Før maten var det allsang, ulike “gode, gamle” vårsangar.

Maten var som vanleg rømmegrøt og spekemat. Deretter blei det servert kaffe og kaker, og var god tid til drøs rundt bordene i løpet av kvelden.

Komiteen fekk mange lovord når gjestene gjekk heim så dette må vi beskriva som ein vellukka kveld.

Astrid

Varhaug Bondelag



I skrivende stund er det fortsatt uavklart i jordbruksforhandlingene. Bondelaget kjemper en kamp mot staten for å styrke evnen til å holde markedsbalanse for de ulike produkta vi leverer. Bondelaget hadde også en ambisjon om styrking av støtta til de mindre og mellomstore bruka. Heller ikke på dette punktet er staten og bondelaget helt på bølgelengde. Vi i bondelaget venter i spenning på utfallet av forhandlingene. Det er ikke lenge siden en delegasjon fra Varhaug Bondelaget stilte opp i hovedstaden for å kjempe bondenæringa sin sak. Til tross for en kjekk tur til Oslo er ikke dette noe vi trenger å gjøre til en årlig begivenhet.

Revidering av gjødselsforskrifta er en sak som bekymrer. Det snakkes om å skjerpe kravet til areal pr dyreenhet. En slik skjerpelse vil få store følger for mange i Varhaug Bondelag. Det er delte meninger om hva som er rett i forhold til denne saken. Det er også stor forskjell hvordan en slik skjerpelse vil slå ut i ulike deler av landet. Hå Kommune, sammen med bondelaga i Hå, har sendt inn et skriv som forteller noe om vårt ståsted i denne saken.

Varhaug bondelag ønsker å arrangere en «auksjon» av brukt utstyr tidlig i høst. De som har gjenstander de ønsker å auksjonere bort eller selge oppfordres til å ta kontakt med en av oss i styret. Det blir ikke arrangert om det ikke er ting å selge ut. Bondelaget ser også for seg dette som en sosial kveld med grilling og godt «drøs».



Er det ingen som saknar ein sykkel?

Kva gjer me nå med herrelause sykla, når me ikkje har lensmannskontor lenger, var det ei dame som lurde på? Kæ mæ å å prøva i Varhaugbuen?

Denne sykkelen har i lang tid “vore parkert” i Dysjalsandsvegen/inn til Høienfeltet. Er det einkvan som kjenner den att?

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
16. august

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Varhaugbuen

Varhaugbuen hadde årsmøte 16. april i lokala til Rune Odland. Det møtte færre enn andre år, så det var ein del mat igjen. Styret har diskutert om det kanskje burdest sendast ut ein SMS med påminning, slik at fleire kjem. Til fleire me er til fleire gode idear for bladet kan koma fram. Stemmerett ved årsmøtet vart diskutert, men styret held på formuleringa slik lova er i dag; 1 stemme per organisasjon. Det kom og fram at det var alt for mange blad som kom i postkassa, omtrent på same tida, gjekk det an å slå desse blada saman? Styret ser ikkje noko grunn til å gjera noko med dette.



ABRØR



Trenger du hjelp
ta kontakt med vår
mann på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Tlf 48 50 97 80 post@abror.no

Vi utfører alle typer oppdrag innen:
Nybygg, rehabilitering, service, bolig, fjøs og industri



Sverre Berge
48 50 97 80
sverre@abror.no



Arne Berge
48 50 97 82
arne@abror.no



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



TID FOR KALKING OG GJØDSLING!



**HELGJØDSEL
SEKK 15 LITER**
KR 199,-

PAKKEPRIS FOR 2 STK

299,-
2 x 15 liter

FK HAGEKALK
25 KG GRANULERT

89,-



**FK HAGE-
GJØDSEL**
25 LITER

349,-

FK BUTIKKEN VARHAUG
Tlf. 51 77 14 70

Mandag – fredag: 8–17
lørdag: 9–14



butikkken
fkra.no/fkbutikkken